




Iveland Tolleknivlag

Ein fantastisk gjeng

Tekst: Øystein Moi • Foto: Odd Helge Liestøl



"Sjøfsmeden" sjølv gav nokre gode tips. Frå venstre: Finn Tore Homme, Ole Rakkestad, Rob Kling, Einar Fidje, Tore K. Lunden (sjøfsmed), Øystein Hansen og Audar Aasheim.

Dei møtast til klubbkveld i «Smia» på Bakke myra annankvar torsdag, kvar månad. Med sine 38 medlemmer er tolleknivlaget blant dei aller største samskipnane i heile Iveland. I år feirar dei 20 års jubileum.

Finn Tore Homme er åndeleg leiar for klubben som he medlemmar frå Bygland i nord- til Vennesla, Lillesand og Kristiansand i sør.

Ikkje alle er like aktive, men ei hard kjerne på 10-12 velyaksne karar møter trufast opp på klubbkveldane. Iveland Tolleknivlag held til i sitt eige klubbløkale, på kommunal grunn. Sentralt i Iveland, og få meter frå den tidlegare bensinstasjonen.

Her finn ein både klubborom, sliperom – og sjølvsgatt ei eiga smie.

Programmet på klubbkveldane er ofte tre-delt. Det sosiale samværet, med kaffe og skuffekake, he høg prioritert. Så kjem bolken der gutane leyser små lokale problem, og stundom dei store verdsproblema. Knivproduksjon, og framstilling av ferdige- og halvferdige produkt er sjølv sagt viktig.

Diskusjonen gjeng høgt om både temperatur på stålet, struktur i bjork og osp – og om den beste etterbehandlinga av sjølv knivslira. Meiningane er

mange, og ulike, men diskusjonen vert aldri hoglydt. Dette er fagfolk som he respekt for kvarandre, og for dei ulike målane å lage den beste tollekniven på.

Ein ting tykkjest det likevel vere stor semje om. Lite kan måle seg med «Fjernmedal-ospa» når dei skal finne det beste emnet til knivskjefte. Strukturen i denne veden er eineståande. Heilt udiskutabelt, scier Finn Tore. Detta er truleg skriven i protokollen, og kan ikkje diskuterast.

Kåre Åsen; ein etnisk ivelending, er ute i bilen og henter inn ein pose med 10-15 tolleknivar. Resten av gjengen svermar kring Kåre omlag som ein kveps svermar kring ei syltetykrukkje ein ettermiddag i august.

Faguttrykka er mange, det vert kviskra blant losjebrørne, og Kåre retter seg i ryggen. Domen vart ikkje knusande – snarare tvert om.

Som hjå dei fleste andre kunstnarar så set og ein knivsmed sin signatur på kunstverket når det er ferdig. På dei fleste tolleknivane me såg var namnet til produsenten tydeleg stempla inn i knivbladet.

Her talar me om kulturskattar som vil ha stor verdi også for komande generasjoner. Her talar me om handverk av ypparste klasse.

På veggen i «Smia» heng bilete av gamle, avlidne knivsmedar med lokal tilknyting. Når desse vert omtala vert det ei eiga stemning i lokalet. Gutane talar med andakt i roysta. Somme fal-

dar hendene, medan andre et seg djupare ned i kakefatet.

Smeden frå Vennesla, Torc K. Lund, reiser seg. Han tørker bort ei tote frå kjaken. Minna om dei gamle, verkleye

store knivsmedane vekkjer sterke minner hjå den fargerike smeden. Dei he ein viktig tradisjon å bere vidare, gutane i Iveland Tolleknivlag. Ein kulturskatt.

Tore Lundin reiser seg og gjeng med målretta steg mot smia. Snart høyrer me taktfaste slag mot ambolten. Eit nyt smykke er stypeskeia. Seinare på

våren kan Tore gravere namnet sitt på knivbladet og leggje kunstverket til evig kvile i ei blankpolert slire. Eit gjevt minne til born og borneborn. Ei givte til

den lokale kulturskatten - og eit viktig bidrag til kulturarven i Vennesla- eller Iveland.



"Juniorsmed" Kåre Åsen (lengst til høgre) hadde med seg ei spanande kasse...



Her vert ein framtidig jaktkniv til eit jaktag aust i Iveland tilverka.



Finn Tore Homme legg vekt på dei små detaljer



Det er ikkje noko å seie på utstyret i smia...